

1 **Innovasjons- og entreprenørskapolitisk plattform**

2 Vedtatt på Studenttingmøte 28.april

3
4 Denne plattformen beskriver studentene sine krav for innovasjon og entreprenørskap
5 ved NTNU.

6 Studenttinget nyttar definisjonen til innovasjonsmeldinga (Meld. St. 30 (2019-2020),
7 s.13): Innovasjon (i offentleg sektor) kan vere ei ny eller vesentleg endra teneste,
8 produkt, prosess, organisering eller kommunikasjonsmåte. At innovasjonen er ny,
9 betyr at den er ny for den aktuelle verksemda, den kan likevel vere kjent for og
10 iverksett i andre verksemdar. Studenttinget forstår entreprenørskap som å drive fram
11 innovasjon.

12 NTNU skal ha ei offensiv og ambisiøs satsing for å fremme innovasjon og
13 entreprenørskap. Ettersom NTNU er ein stor og kompleks organisasjon er det
14 sentralt at arbeidet systematiserast i heile verksemda.

15 **Innovasjon i utdanningane**

16 NTNUs fremste innovasjonsbidrag er kandidatane som utdannast. Uavhengig av
17 fagområde, er desse ei enorm ressurs i den framtidige samfunnsutviklinga. Det er
18 derfor viktig at alle studentar ved NTNU får innovasjonskompetanse. Det skal leggast
19 til rette for at alle studentar skal kunne vurdere og reflektere over kva innovasjon er i
20 eiga utdanning. Einingane må systematisk innarbeide kunnskap om innovasjon i
21 fagplanar. Undervisarar og rettleiarar må få tilbod om opplæring i korleis ein kan sette
22 innovasjon i kontekst innan eigen fagdisiplin. Arbeidet med innovasjon i utdanning
23 burde vere ein kontinuerleg prosess kor fagplanane og kompetanse vert oppdatert i
24 tråd med endringar i økosystemet for innovasjon.

25 Det må i større grad leggast til rette for at studentane kan lære om innovasjon på
26 tverrfaglege arenaer. Alle studentar skal ha moglegheita til å ta studiepoeng i valfrie,
27 tverrfaglege emne om innovasjon. Alle kandidatar som uteksaminerast skal ha
28 innovasjonskompetanse, og vere forberedt på omstilling og forandring. NTNU må
29 stimulere til nysgjerrigheit og auke evna til kritisk tenking tidleg i studieløpet.
30 Gjennom ei grundig innføring i studentdriven innovasjon og entreprenørskap innanfor
31 fagområda skal studentar ved NTNU ha moglegheita til å bidra inn i og utføre
32 innovasjonsarbeid gjennom studieløpet. Arbeid eller praksis i bedrifter, verksemdar
33 og startups kan vere god trening i innovasjon og entreprenørskap. NTNU skal legge
34 til rette for at studentar enkelt kan forstå seg på kva for slags forhold som gjeld rundt
35 immaterielle rettigheter i ein kvar situasjon.

36 Det skal vere lagt til rette for at studentar ved NTNU enkelt kan etablere
37 studentbedrift, som er et pedagogisk verktøy for å lære om innovasjon og
38 entreprenørskap. Dette skal vere ei reell moglegheit for alle studentar.
39 Studentbedrifter skal ha tilgang til fagleg rettleiing i sitt arbeid.

40 NTNU bør legge til rette for ein oversiktleg og informativ plattform for moglegheiter til
41 å søke finansiell støtte for studentar, studentbedrifter og tilsette med den hensikt å
42 finansiere innovasjonsprosjektar og kva for slags krav som må bli innfridd for å få den
43 finansielle støtta. Her kan eksterne aktørar som driv innovasjonsfremmande aktivitet

44 og scaleup involverast. Det skal leggest til rette for at alle studentar kan bli kompetent
45 til å drive innovasjon og til å ta forretningsidear vidare.

46 NTNU skal legge til rette for opne og inkluderande arrangement kor hensikta er å
47 engasjere bredda av studentar i innovasjon og entreprenørskap. Lokale initiativ frå
48 fagmiljø med fokus på tematikken kor ein inviterar bredda av studenter til å ta del i
49 arrangement må heia fram og kommuniserast godt om, til dømes gjennom ein
50 nettportal, slik at fleire kan kjenne til og ta del i innovasjonskulturen ved NTNU.
51 Studentar skal få tilbod om å delta på ein årleg innovasjonscamp i løpet av studiane.
52 Campen skal gi studentane kompetanse innan innovasjonsprosessar,
53 innovasjonsmiljø og bidra til auka nysgjerrigheit, forståing og kjennskap.
54 Organisasjonar, fagmiljø og eksterne aktørar som jobbar med innovasjon og
55 entreprenørskap bør trekkast inn i desse campane.

56 **Studentdriven innovasjon**

57 NTNU skal vere ei kjelde til innovasjonar og entreprenørskap. Derfor skal NTNU
58 støtte og legge til rette for studentdriven innovasjon, gjennom døgnopne labor,
59 rettleiingstilbod og tilgang til andre ressursar. NTNU skal støtte tett opp om arbeidet
60 til, og bidra med ressursar til, studentorganisasjonar og -foreiningar som fremmar
61 innovasjonsretta aktivitet. Det er viktig at slike studentmiljø står sterkt i alle
62 studiebyar. Innovasjons- og entreprenørskapsaktivitet er viktig for å sikre en
63 bærekraftig utvikling. Studentdrevet innovasjon som fremmer miljø og bærekraftig
64 utvikling skal derfor prioriteres.

65 **Innovasjon i samarbeid med arbeids- og næringsliv**

66 Det bør i større grad leggest til rette for at større studentoppgåver kan gjerast i
67 samarbeid med eksterne partnarar, eller på oppdrag frå NTNU. Møteplassar mellom
68 tilsette, studentar og eksterne er viktig for å legge til rette for samarbeid og
69 samhandling. Desse bør finnast på dei ulike campusane og gjere større prosjekt
70 mogleg. Både fysiske og digitale møteplassar bør prioriterast.